

## FØLGJESKJEMA FOR TRIKINANALYSE

Prøve ID : \_\_\_\_\_  
(Blir registrert av laboratoriet)

<b>Namn på kunde eller oppdragsgjevar*</b>	
<b>Adresse*</b>	<b>Telefonnr. *</b>
<b>Kopi til</b>	<b>Faktura til*</b>
<b>E-post*</b>	
<b>Dato og Signatur*</b>	
..... (prøvetakar stadfestar bestillinga, og følgjeskjemaet er å sjå på som ein avtale mellom kunde og SunnLab as).	

\*Må fyllast ut av kunde

Analyseresultat og faktura blir sendt med e-post, dersom ikkje noko anna er avtalt.

### Ved sending og transport:

- Meld frå til SunnLab om sendinga på førehand (e-post eller telefon).
- Prøvene skal sendast som ekspress over natta, enten med bod eller som bedriftspost, slik at dei blir leverte direkte til SunnLab på kortast mogleg tid.
- Bruk kjølelement saman med prøvane. Dette er spesielt viktig ved varmt ver.

### Opplysningar om prøven

Prøvemateriale (gris, hest osv.):	
Dato for innlevering av prøve til lab.:	
Oppbevaring mellom prøvetaking og analysestart (kjøleskap, kjølebag osv.):	
Prøven skal analyserast for:	Trikin
Hastep prøve (svar på dagen) 100% tillegg:	Kryss av:

Prøvemerkning	Kommentar

### For laboratoriet

Motteke dato/sign.:
Analyseresultat:

## Informasjon om prøveuttak:

Det er viktig at prøvane blir tekne ut på ein slik måte at dei blir mest mogleg representative for det materialet som skal analyserast. **Vi treng 100g totalt for trikinanalysen.** Det vil seie at de må levere 100g kjøtt frå ein gris dersom det berre skal analyserast for ein gris. Er det mykje feitt, send meir enn 100g slik at vi får mest mogleg reint kjøtt. Det skal vere mest muskel/kjøtt ikkje sener/feitt.

**Tamsvin:** Frå heile skrottar av tamsvin skal det takast ei prøve på minst 1 g frå ein av hovudmusklane i mellomgolvet ved overgangen til den senete delen. Det kan brukast ei trikintang dersom ei nøyaktigheit på 1 - 1,15g kan garanterast.

**Avlspurker og rånar:** Det skal takast ein prøve på minst 2g frå ein av hovudmusklane i mellomgolvet ved overgangen til den senete delen. I mangel av hovudmuskel frå mellomgolvet skal det takast ei dobbelt så stor prøve (2g frå tamsvin og 4g frå avlspurker og rånar) frå ribbeinsdelen eller brystbeinsdelen av mellomgolvet, eller frå tyggemuskel, tungemuskel eller bukmuskel.

**Frittgåande gris, villsvin og hest:** Frå heile skrottar skal det takast ein prøve på minst 10g frå ein av hovudmusklane i mellomgolvet ved overgangen til den senete delen. I mangel av hovudmuskel frå mellomgolvet skal det takast ei dobbelt så stor prøve frå ribbeinsdelen eller brystbeinsdelen av mellomgolvet, eller frå tyggemuskel, tungemuskel eller bukmuskel.

**Kjøtstykke og fryste prøvar:** Frå kjøtstykke skal det takast ein prøve på minst 5g frå tverrstripa muskulatur med lite feitt, og om mogleg i nærleiken av bein eller sener.

For andre artar skal det takast 10g frå desse stadene der parasitten kan finnast:

Bjørn: Mellomgolv, ytre tyggemuskel og tunge.

Kvalross: Tunge.

Krokodille: Ytre tyggemuskel, vingemuskel og interkostal muskulatur.

Fuglar: Tyggemusklar og halsmusklar.

**OBS!** Denne metoden er berre gyldig for trikin. Metoden kan derfor ikkje garantere at kjøtet er fritt for andre typar parasittar. Det er likevel mogleg å finne andre typar parasittar.

I tilfelle funn av trikin eller andre parasittar vil kunde bli varsla. Ev. ekstraarbeid i samband med funn vil bli belasta kunde.

**Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål eller ønskjer meir informasjon.**

 SunnLab as

Holtemyrane 6

6814 FØRDE

Tlf. 57 72 39 50

[post@sunnlab.no](mailto:post@sunnlab.no)